

Sel fine ting til heimen.

18.02.2017



Synneva Seim presenterte Perfect Home-produkt på Spar i dag.

Dei handlante på Spar Uskedalen kunne i dag slå av ein prat med Synneva Seim. Ho er forhandlar for Perfect Home i Kvinnherad, og ho hadde installert seg ved sida av kaffikroken. Ved sida av seg hadde ho eit bord med mykje fint og godt til heimen som vart presentert på ein smakfull måte.

Synneva Seim fortalte at ho var der først og fremst for å gjera kjent kva ho selde. På bordet var det mykje fint både i dekketøy, bestikk og eit rikt utval av flotte pynteting. Vi har tidlegare møtt ho på messer, seinast under marknaden i Helgheim i samband med julegrantenninga.

Storparten av salget føregår på sålalla homeparties, Dei som melder seg til å vera vert for eit slikt party i løpet av 2017, vil vera med i trekninga om eit flott juletre som er 2,15m høgt til ein verdi av 5.900- kroner. Ein god del Spar-kundar var innom standen, og mange tok med seg varekatalog.

Dersom ein ikkje var innom standen i dag, men interessert i å sjå kva ho har å tilby, nemner vi at ho har eiga facebook-side, **Perfect Home - Synneva, din lokale forhandlar i Kvinnherad.**

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland